



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Rådhuset
Dato: 26.02.2026
Tid: Kl. 09:00 - 17:00

Følgjande medlem møtte	Parti
Anne Kristin Førde	AP
Camilla Landro	AP
Frank Midtbø	AP
Herborg Hilde Eikeland	AP
Nils Jørgen Sagebø	AP
Elisabeth Birkeland Hatlenes	H
Jorunn Petrine Frøyen	H
Stig Bakke	KrF
Henny Margrete Hansen	SP
Magne Ivar Kjerpeset	SP
Vibeke Kjerpeset Os	SP
Øyvind Heimtun	SP
Leo Husabø Holm Cirotzki	SV
Norvall Klungresæter	U
Evy Merete Myklebust	V
Jeanette Kristiansen Grotle	V
Svein Arne Torvanger	V
Svein Olav Senneset	V
Kristin Andrea Svanøe Hjelle	VIP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Harry Gulestøl	H	Per Røys	
Geir Magne Røys	V	Hilde Marie Klungreseth	V
Kjell Sørland	VIP		
Ole Marius Lien	VIP		

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Nils Jørgen Sagebø	26/1723	Per Helge Eikeland, AP	
Øyvind Heimtun	26/1294	Tor-Inge Øvrebotten Myrhol, SP	

Møtenotater:

Orientering:

Synfaring:

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/26	Orienteringssaker
003/26	Referatsaker
004/26	Lovlegkontroll sak KST-049/25: Områderegulering Holmaneset, planid. 202301 - ny slutthandsaming etter oppheving av planvedtak
005/26	Handsaming av klager på vedtak KST-049/25 om godkjenning av områderegulering Holmaneset, planid. 202301
006/26	Vurdering av planspørsmål - områderegulering for fortetting og mindre utviding av Guleslettene vindkraftverk
007/26	Eigarskapsmelding 2025
008/26	Justering av festeavgift
009/26	Årsmelding for eldrerådet 2025
010/26	Årsmelding for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2025
011/26	Årsmelding 2025 - Bremanger kontrollutval

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Kommunestyret den 26.02.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Det lukkast ikkje å få inn vara frå VIP. Møtet vert sett med 21 representantar.

KST- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Kommunestyret den 26.02.26 vart godkjende slik dei låg føre.

002/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Reiseliv ved Simen Staalnacke:

- Presentasjon ligg som vedlegg

Krisesenteret i Sogn og Fjordane ved Anja Korneliussen:

- Presentasjon ligg ved.
- Skal vere eit likeverdig tilbod for alle, også de med særskilte behov
- Gratis tilbod til dei som kjem dit
- Kan komme for å bu, eller nytte seg av dagtilbod/dagoppfølging. Har framleis tilbod om hjelp etter at dei flyttar ut dersom dei ynskjer det.
- Like vanleg med psykisk vald som fysisk vald, like skadeleg
- Tverrfagleg team med mykje kompetanse

Kalvåg fiskerihamn ved Monica Sande

- Presentasjon ligg ved
- Nasjonalt prosjekt
- Kystverket er ansvarleg for utbygginga.
- Kommunen er mellom anna ansvarleg for: anleggsveg til kommunal veg, vatn, straum, avløp, veglys, erstatte badeplass.
- Håp om at fiskerihamna kan takast i bruk hausten 2027.
- Einaste fiskerihamn sør for Stadt
- Ein tenkje bruk av heile regionen
- Det vert brukarbetaling på 10 millionar som det skal takast opp lån på
- Kommunen har investert mykje på området

Per Røys, uavhengig, stilte spørsmål om det er kartlagt kor mykje straum ein treng ? Sande svara at tilgang til straum skal aukast.

Svein Arne Torvanger, V: stilte spørsmål om eigarforholdet og vedlikehaldsansvar mellom Kystverket og kommunen. Sande svara at Kystverket er ansvarleg for kaia og for større vedlikehald, kommunen ansvarleg for har dei små vedlikehald (lys etc.). Kommunen eig landarealet.

Tenesteanalyse- psykisk utviklingshemming 2024-2025 - ved kommunalsjef Randi Ytrehus

- Presentasjon ligg ved
- Bremanger har 25 personar i målgruppa
- KS - læringsnettverk, 7 kommunar deltek
- Moglegheit for å samanlikne seg med andre kommunar og få nye idear slik at ein kan utvikle seg.
- brukarar, medarbeidarar og pårørande har uttalt seg

Jorunn Frøyen, H: Gruppa har rett til eigen bustad, men i Bremanger har ein "institusjonar." Kan det at dei bur i institusjon og ikkje i egne leilegheiter vere grunn til at enkelte av brukarane ikkje er nøgde ? Ytrehus svara at vi har omsorgsbustadar, ikkje institusjonar. Det er lagt opp etter den enkelte brukar sine behov.

Leo Cirotzki, SV: stilte spørsmål om det var fyrste gong ein hadde ei slik undersøking, og meinte at ein burde gjenta dette. Ytrehus stadfesta at det var fyrste gong, og at det skal gjentakast.

Fjellsikring kommunale vegar ved kommunalsjef Karl Vidar Førde.

- Presentasjon ligg i saka.
- Ulike vegar med utfordringar, presentasjonen viser der ein har registrert hendingar den seinare tid.
- Må kartlegge og få kostnadsoverslag
- Det er ikkje lagt inn midlar til dette i budsjettet
- Kan søkje NVE om midlar
- Når det gjeld Sundsvegen bør en starte med utbetringar snarast - administrasjonen skal sjå på dette.

Orientering frå ordførar:

- Representasjonar: Karrieremesser - Iglandsvik, Florø, Måløy og Bergen viktig at ein er synlege ute, vise kva ein har av arbeidsplassar både kommunale og i privat næringsliv.
- Nordfjordtreffet 31.mars 2026 - Svelgen - viktig at ein møter opp. Er både for dei som er jobbsøkjjarar og innbyggjarar.
- Bustadutvikling og distriktsatsing i Vestland - Ordførar og kommunedirektør i møte med fylkeskommune, distriktssenter, hubanken og statsforvaltar. Samarbeidsavtale som går til 2030. Jobbe med bustadutvikling. 9 kommunar er invitert til å vere med.

Utvikle sentrum og bygdene våre, må kartlegge kor ein skal starte.

· Årsmøte i Bremanger næringsråd - ha no lukkast å få på plass eit styre med leiar. De skal jobbe fram ein strategi kva dei skal jobbe med. Når strategien er på plass skal det vere eit samarbeidsmøte med kommunen.

KST- 002/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak :

Orienteringssaker vert teke til vitande.

003/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Ordførar orienterte om referatsakene.

Møtebok Kontrollutvalet. Camilla Landro, Ap: presenterte møtebok møteboka frå Kontrollutvalet den 26.01.26.

Region Fjordane. Elisabeth Hatlenes, sekretær for Region fjordane presenterte rådet og møteboka frå 6.02.26. Presentasjon ligg ved.

KST- 003/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak :

Referatsaker vart tekne til vitande.

004/26: Lovlegkontroll sak KST-049/25: Områderegulering Holmaneset, planid. 202301 - ny slutthandsaming etter oppheving av planvedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret sitt vedtak den 18. desember 2025, sak KST- 049/25, Områderegulering Holmaneset, planid. 202301 - handsaming etter offentlig ettersyn, er lovleg og skal oppretthaldast.

Vedtaket har eit lovleg innhald, er fatta av kommunestyret som rett mynde og er elles blitt til på ein lovleg måte.

2. Saka vert send til Statsforvaltaren for endeleg lovlegkontroll.

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Forslag frå SV, foreslått av Leo Husabø Holm Cirotzki, Sosialistisk Venstreparti
Saka vert oversendt statsforvaltaren i Vestland for lovlegkontroll.

Ordførar orienterte i saka.

Leo Cirotzki, SV: Meiner ein ikkje har innfridd krava frå statsforvaltar.
Cirotzki la inn nytt framlegg til vedtak

Fire røysta for Cirotzki sitt framlegg: SV ved Leo Cirotzki, Ap ved Nils Jørgen Sagebø og Herborg Eikeland. VIP ved Kristin Hjelle.

17 røysta for kommunedirektøren sitt framlegg: Ap ved Anne Kristin Førde, Frank Midtbø og Camilla Landro. Sp ved: Magne Kjerpeset, Øyvind Heimtun, Henny Hansen o Vibeke Kjerpeset Os. Høgre ved Jorunn Frøyen og Elisabeth Hatlenes. Uavhengige: Per Røys og Norvall Klungresæter. Krf ved Stig Bakke. Venstre ved: Svein Olav Senneset, Evy Merete Myklebust, Svein Arne Torvanger, Jeanette Kristiansen Grotle og Hilde Klungreset.

KST- 004/26 Vedtak:

Med 17 mot 4 røyster:

1. Kommunestyret sitt vedtak den 18. desember 2025, sak KST- 049/25, Områderegulering Holmaneset, planid. 202301 - handsaming etter offentlig ettersyn, er lovleg og skal oppretthaldast.

Vedtaket har eit lovleg innhald, er fatta av kommunestyret som rett mynde og er elles blitt til på ein lovleg måte.

2. Saka vert send til Statsforvaltaren for endeleg lovlegkontroll.

005/26: Handsaming av klager på vedtak KST-049/25 om godkjenning av områderegulering Holmaneset, planid. 202301

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Klager på vedtak om områderegulering Holmaneset, KST-sak 049/25, frå Sissel Roland, Marit Dyrstad, Harris Advokatfirma AS, Trude Hessvik-Trøite, Norges Miljøvernforbund, Advokatfirma Simonsen, Vogt, Wiig AS, Dæhlin Sand Advokatfirma og Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset, vert ikkje tekne til fylgje.

Bremanger kommune opprettheld planvedtaket, og klagesaka vert sendt til Statsforvaltaren til endeleg avgjerd.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 12.02.2026

Med fem mot ei røyst:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak :

1. Klager på vedtak om områderegulering Holmaneset, KST-sak 049/25, frå Sissel Roland, Marit Dyrstad, Harris Advokatfirma AS, Trude Hessvik-Trøite, Norges Miljøvernforbund, Advokatfirma Simonsen, Vogt, Wiig AS, Dæhlin Sand Advokatfirma og Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakfabrikk på Holmaneset, vert ikkje tekne til fylgje.

Bremanger kommune opprettheld planvedtaket, og klagesaka vert sendt til Statsforvaltaren til endeleg avgjerd.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Nils Jørgen Sagebø	Per Helge Eikeland	

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Nils Jørgen Sagebø, Ap bad om habilitetsvurdering. Kommunestyret fann at Sagebø er inhabil i saka. Per-Helge Eikeland gjekk inn som vara i saka.

Ordførar orienterte i saka.

Leo Cirotzki, SV : Skjønar ikkje kvifor ein har hastverk med å handsame saka, meiner at den ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Ein har ikkje tatt med i sakshandsaminga at verden og marknaden har endra seg. Ein tek ikkje nok omsyn til naturen, har mellom anna ikkje tatt inn at det er nye reguleringar når det gjeld myr. Meiner at QRA er for gammal og treng oppdatering. Ein har heller ikkje svara ut kva ein skal gjere med overskotsvarmen frå anlegget. Han meiner at konsulentane innleigd av utbyggjar ikkje er truverdige. Ønskjer å vite kva førre klage har kosta kommunen.

Kommunedirektør svara ut at førre klage kosta mellom 150-160 000 kr.

Jorunn Frøyen, H: Det er krav til konsulentar. Rapportar er offentlege dokument som vert kontrollert av både kommune og statsforvaltar. Kommunestyret skal vurdere tap av natur opp mot samfunnsnytte.

Når det gjeld QRA er det rett at den ikkje er ny, men DSB skal inn og godkjenne to gongar før ein får setje i gong.

KST- 005/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Klager på vedtak om områderegulering Holmaneset, KST-sak 049/25, frå Sissel Roland, Marit Dyrstad, Harris Advokatfirma AS, Trude Hessvik-Trøite, Norges Miljøvernforbund, Advokatfirma Simonsen, Vogt, Wiig AS, Dæhlin Sand Advokatfirma og Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakfabrikk på Holmaneset, vert ikkje tekne til fylgje.

Bremanger kommune opprettheld planvedtaket, og klagesaka vert sendt til Statsforvaltaren til endeleg avgjerd.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Klagene tekne til fylgje, foreslått av Kjell Sørland, Velferd- og Innovasjonspartiet
Klager på vedtak om områderegulering Holmaneset, KST-sak 049/25, frå Sissel Roland, Marit Dyrstad, Harris Advokatfirma AS, Trude Hessvik-Trøite, Norges Miljøvernforbund, Advokatfirma Simonsen, Vogt, Wiig AS, Dæhlin Sand Advokatfirma og Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset, vert tekne til fylgje.

Nils Jørgen Sagebø, Ap - tok opp spørsmålet om at han var inhabil, viste til tidlegare handsaming av saka. Fsk fann at Sagebø var inhabil i saka. Ingen vara møtte.

Ordførar informerte i saka.

Kjell Sørland, VIP meinte at saka ikkje var godt nok utgreidd. Ha nemnde klage frå Bountrup som var nytt.

Ordførar opplyste om at Bountrup har fått alle opplysningar i heile prosessen og har anledning til å klage før.

Svein Olav Senneset, V: Venteleg at det kjem klage i slike saker. Klagene er svara godt ut av administrasjonen.

Kjell Sørland, VIP la inn nytt framlegg til vedtak.

Det vart røysta for framlegget frå kommunedirektøren opp mot framlegget frå Kjell Sørland, VIP.

Fem representantar røysta for kommunedirektøren sitt framlegg : Ap ved Anne Kristin Førde, Sp ved Magne Kjerpeset, Høgre ved Jorunn Frøyen, Venstre ved Svein Olav Senneset og Evy Merete Myklebust.

Ein røsta for Kjell Sørland, VIP sitt framlegg: Kjell Sørland, VIP

FSK- 008/26 Vedtak:

Med fem mot ei røyst:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak :

1. Klager på vedtak om områderegulering Holmaneset, KST-sak 049/25, frå Sissel Roland, Marit Dyrstad, Harris Advokatfirma AS, Trude Hessvik-Trøite, Norges Miljøvernforbund, Advokatfirma Simonsen, Vogt, Wiig AS, Dæhlin Sand Advokatfirma og Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset, vert ikkje tekne til fylgje.

Bremanger kommune opprettheld planvedtaket, og klagesaka vert sendt til Statsforvaltaren til endeleg avgjerd.

006/26: Vurdering av planspørsmål - områderegulering for fortetting og mindre utviding av Guleslettene vindkraftverk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sweco AS får på vegne av tiltakshavar Eviny AS starte opp planarbeid for områderegulering for fortetting og ei mindre utviding av Guleslettene vindkraftverk i samsvar med planinitiativ motteke 29.januar 2026.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 12.02.2026

Med fem mot to røyster:

Formannskapet rår Kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

Sweco AS får på vegne av tiltakshavar Eviny AS starte opp planarbeid for områderegulering for fortetting og ei mindre utviding av Guleslettene vindkraftverk i samsvar med planinitiativ motteke 29.januar 2026.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Øyvind Heimtun	Tor-Inge Øvrebotten Myrhol	

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Før saka vart opna la Stig Svalheim, Eviny, la fram planane om fortetting av vindmøller på Guleslettene.

- Status, 2025 Guleslettene er det mest effektive vindkraftanlegget i Noreg.
- Ein har hatt kabelbrot og lite vind i januar.
- Ønskjer å utvide anlegget.
- Fugleundersøkingar, etterundersøking, startar medio mars
- Inntil 14 turbinar - kan bli færre
- Ny trafostasjon.
- Utviding av eksisterande planområde i aust.
- Turbinar som i dag.
- 6,5 km med ny veg
- Tidsplan - ynskjer starte før 2030
- 175 GWh auka produksjon - kan gje inntil 10 millionar i auke i eigedomsskatt.
- Skal vere eit forsvarleg prosjekt.

Saka opna:

Øyvind Heimtun, Sp, bad om vurdering av habilitet. Han har grunneigarinteresse i området. Kommunestyret fann at han var inhabil: Tor Inge Øvrebotten gjekk inn som vara i saka.

Det kom opp spørsmål om:

- Kostnadane ved utbygging- 5 kr. pr kW – er det normalt, og om det vert billigare kan ein då komme med kompensasjon til kommunen? Svalheim kunne ikkje svare ut om kommunen får noko av mellomlegget dersom utbygging blir billigare.
- Finst der teknologi for å forhindre fugledød? kan male turbinar i kontrastfargar, kan stenge ned enkelte turbinar når det er fugletrekk som går gjennom. Dette ligg hos konsesjonsmyndigheitene. Vert vurdert opp mot samfunnsnytte.
- Lysstøy – kan det vere mogeleg at lys berre er på når det er trafikk i lufta? Har vore krav om dette på nye møller. Det er pågåande diskusjon mellom luftfartsmyndigheiter og konsesjonsmyndigheitene om desse krava.

Svein Olav Senneset, V: presiserte at dei ikkje har bunde sine medlemmar til i nokre saker. Representantane røyster det dei vil. meiner at utviding på Guleslettene er det beste

alternativet dersom det skal byggast meir vindmøller i kommunen. Konsekvensutgreiinga handlar om å innhente kunnskap.

Leo Cirotzki, SV: Meiner at ein har all kunnskapen ein treng for å bestemme om ein vil ha meir vindmøller eller ikkje. Samfunnsplanen (vedteken 17.10.21) blir ikkje følgt, bør ikkje starte opne for nye prosjekt før samfunnsplanen er rullert. Samfunnsplanen var einstemmig vedteken, er eit styrande dokument og bør følgjast. Meiner at ein skal sei nei.

Magne Kjerpeset, Sp: Sp ynskjer gå vidare med planen. Etterlyser prosjekt som er betre og kan tene innbyggjarane frå motstandarane.

Jorunn Frøyen, H: Skal ikkje vedta om å bygge no, men utreie. Det er ei plikt vi har til å utreie nye prosjekt. Må vege fordelar og ulemper opp mot kvarandre når konsekvensutgreiinga er ferdig. Høgre meiner at ein må sjå nærare på dette i ein open planprosess.

Desse røysta for framlegget frå formannskapet: Ap ved Anne Kristin Førde, Herborg Eikeland, Frank Midtbø og Camilla Landro. Sp ved Magne Kjerpeset, Henny Hansen, Vibeke Kjerpeset Os og Tor Inge Øvrebotten. Høgre ved Jorunn Frøyen og Elisabeth Hatlenes. Uavhengige ved Norvall Klungresæter og Per Røys. Krf ved Stig Bakke. Venstre ved Svein Arne Torvanger, Evy Merete Myklebust og Svein Olav Senneset.

Desse røysta imot framlegget frå formannskapet: SV ved Leo Cirotzki, Ap ved Nils Jørgen Sagebø, VIP ved Kristin Hjelle. Venstre ved Jeanette Kristiansen Grotle og Hilde Klungreset.

KST- 006/26 Vedtak:

Med 16 mot 5 røyster.

Sweco AS får på vegne av tiltakshavar Eviny AS starte opp planarbeid for områderegulering for fortetting og ei mindre utviding av Guleslettene vindkraftverk i samsvar med planinitiativ motteke 29.januar 2026.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Eviny ved Stig Svalheim og Rolf Sanne-Gundersen, Synnøve Nyhammer frå Sweco orienterte om prosjektet:

- Guleslettene stort kraftverk som i dag produserer godt.
- Inntil 14 nye vindturbinar (maks) - same storleik på turbinane som dei som er på Guleslettene i dag
- Ny trafostasjon
- Konsekvensutredningar - mellom anna på fugl
- 175 GWh meir produksjon ved 14 møller - då vil ein ha nærare 900 GWh samla med det ein har i dag.
- Ambisjonar om oppstart innan 2030.
- Dei har hatt samtalar og er einige med grunneigarane.
- Fortetting vil ikkje vere til hinder for å nytte turområdet slik det ligg i dag.

Kjell Sørland, VIP :

- fortetting vil føre til store naturinngrep
- det er fleire områder i kommunen som er interessante å byggje vindmølleparkar på
- saka bør løftast til kommunestyret

Magne Kjerpeset, Sp

- er imponert over området Guleslettene slik det er i dag.
- Skal ein sei nei bør ein ha forslag til alternative inntekter for kommunen.

Sørland, VIP, meiner at kjernekraft er alternativ til vindkraft, og at Bremanger kommune bør sjå på dette. Svein Olav Senneset, Venstre, stilte spørsmål om kor i kommunen ein eventuelt skulle byggje kjernekraftverk .

Svein Olav Senneset, V:

- Planprosessen rundt Eviny og Zephyr sine vindkraftanlegg bør samordnast og leggjast fram samstundes.

Ordførar :

- De skal vere kraft dag i april, besøk på Guleslettene og i Øksenelvane.
- Rammevilkåra for vindkraft er stadig i endring, betre i dag enn det var i før.

Det var ein debatt om ulike problemstillingar når det gjeld fortetting av vindmøller, både for og imot.

Det vart røysta over framlegget frå kommunedirektøren opp mot framlegget frå Kjell Sørland, VIP.

Framlegget frå kommunedirektøren fekk fem røyster: Ap ved Anne Kristin Førde, Sp ved Magne Kjerpeset, Høgre ved Jorunn Frøyen, Venstre ved Svein Olav Senneset og Evy Merete Myklebust.

Framlegget frå Sørland fekk to røyster: VIP ved Kjell Sørland og Ap ved Nils Jørgen Sagebø

FSK- 007/26 Vedtak:

Med fem mot to røyster:

Formannskapet rår Kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

Sweco AS får på vegne av tiltakshavar Eviny AS starte opp planarbeid for områderegulering for fortetting og ei mindre utviding av Guleslettene vindkraftverk i samsvar med planinitiativ motteke 29.januar 2026.

007/26: Eigarskapsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til eigarskapsmelding 2025 vert godkjend slik den ligg føre.
2. Eigarskapsutvalet får i oppdrag å utarbeide retningslinjer for tilbakemelding frå kommunen sine representantar i eigarorgana.
3. Eigarskapsutvalet får i oppdrag å setje i verk naudsynte prosessar for å gå ut av selskap som ikkje lenger er føremålstenleg for kommunen.

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Opplæring av representantar, foreslått av Jorunn Petrine Frøyen, Høgre

4. Valde representantar i eigarorgana skal få naudsynt opplæring for å kunne ivareta kommunen sine interesser i dei ulike eigarorgana på ein god måte.

Ordførar orienterte i saka.

Elisabeth Hatlenes, H: Ynskjer at Alarmsentralen kjem til kommunestyret for orientere om styret.

Jorun Frøyen, H: vil ha inn ei 4. punkt i vedtaket, valde representantar i eigarorgana skal få naudsynt opplæring for å kunne ivareta kommunen sine interesser i dei ulike eigarorgana på ein god måte.

KST- 007/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. **Framlegg til eigarskapsmelding 2025 vert godkjend slik den ligg føre.**
1. **Eigarskapsutvalet får i oppdrag å utarbeide retningslinjer for tilbakemelding frå kommunen sine representantar i eigarorgana.**
1. **Eigarskapsutvalet får i oppdrag å setje i verk naudsynte prosessar for å gå ut av selskap som ikkje lenger er føremålstenleg for kommunen**
2. **Valde representantar i eigarorgana skal få naudsynt opplæring for å kunne ivareta kommunen sine interesser i dei ulike eigarorgana på ein god måte.**

Formannskapet 06.11.2025:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

- Ein ynskjer at Miljøvarme AS skal komme og orientere om verksemda – utvikling, infrastruktur og potensiale.
- Firda Bilag, sende skriv til styret om at ein ynskjer å avhende dessa aksjane.
- Ytre Sunnfjord Holding - be om at selskapet vert avvikla
- Det skal lagast ei rettleiing/brosjyre som skal informere om kva forventningar det er til den enkelte som sitter i dei ulike organa valde av kommunestyret. Det må presiserast at er ein vald av kommunestyret skal du representerer kommunestyret, ikkje partiet sitt syn i dei ulike sakene.
Jorunn Frøyen, H, informerte om at i representantskap skal du fremje kommunen sitt syn i saker, sit du i styret i selskapet er det selskapet du skal representere.

FSK- 095/25 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. **Framlegg til eigarskapsmelding 2025 vert godkjend slik den ligg føre.**

2. Eigarskapsutvalet får i oppdrag å utarbeide retningslinjer for tilbakemelding frå kommunen sine representantar i eigarorgana.
3. Eigarskapsutvalet får i oppdrag å setje i verk naudsynte prosessar for å gå ut av selskap som ikkje lenger er føremålstenleg for kommunen.

008/26: Justering av festeavgift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Med verknad frå 01.01.2026 vert festeavgift for grav fastsett til:

Einskildgrav opp til 60 år:	Kr. 300 ,- pr. år.
Einskild grav over 60 år:	Kr. 600 ,- pr. år.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 12.02.2026

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Med verknad frå 01.01.2026 vert festeavgift for grav fastsett til:

Einskildgrav opp til 60 år:	Kr. 300 ,- pr. år.
Einskild grav over 60 år:	Kr. 600 ,- pr. år.

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Ordførar orienterte i saka.

Jorunn Frøyen, H: Stilte spørsmål om kva år ein starta å betale festeavgift.
Kommunedirektør : Festeavgift gratis dei 30 fyrste åra.

Nils Jørgen Sagebø: Urne på allereie eksisterande grav - kva vil dette koste?
Dette vert å komme attende til.

KST- 008/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Med verknad frå 01.01.2026 vert festeavgift for grav fastsett til:

Einskildgrav opp til 60 år:	Kr. 300 ,- pr. år.
Einskild grav over 60 år:	Kr. 600 ,- pr. år.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

- i forbindelse med utviding av gravplass Kalvåg skal ein sjå på moglegheit for etablering av

minnelund.

FSK- 011/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Med verknad frå 01.01.2026 vert festeavgift for grav fastsett til:

Einskildgrav opp til 60 år: Kr. 300 ,- pr. år.

Einskild grav over 60 år: Kr. 600 ,- pr. år.

009/26: Årsmelding for eldrerådet 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for eldrerådet vert godkjend slik den ligg føre.

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Ordførar la fram årsmeldinga frå Eldrerådet.

KST- 009/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Årsmelding for eldrerådet vart godkjend slik den ligg føre.

Eldrerådet 18.02.2026:

Handsaming:

ELD- 006/26 Vedtak:

Årsmelding vart godkjend slik den låg føre.

010/26: Årsmelding for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjend slik den ligg føre.

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Maja Vedvik, leiar i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, la fram årsmeldinga.

KST- 010/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Årsmelding for råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart godkjend slik den ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.02.2026:

Handsaming:

Årsmeldinga vart gjennomgått på møte.

RMNF- 006/26 Vedtak:

Årsmeldinga vart godkjend slik den låg føre.

011/26: Årsmelding 2025 - Bremanger kontrollutval

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2025 vert teken til vitande.

Kommunestyret 26.02.2026:

Handsaming:

Leiar i Kontrollutvalet, Stig Bakke, la fram årsmeldinga frå Kontrollutvalet.

KST- 011/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2025 vart teken til vitande.